

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 24/00717-1
Saksbehandler Kristoffer Fjellgaard

Budsjett for kontrollarbeidet 2025 - Midt-Telemark kommune

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Midt-Telemark kontrollutvalg	24.09.2024	19/24

Midt-Telemark kontrollutvalg har behandlet saken i møte 24.09.2024 sak 19/24

Møtebehandling

Kontrollutvalet ynskjer å auke budsjett for «Opplæring, kurs og konferanse» med 10.000 kr. Til totalt kr. 60.000. auka er begrunna med at utvalet i liten grad har delteke på slik opplæring i 2024, og ser eit behov for meir opplæring og kurs om kontrollutvalets verksemd.

Omforent endringsforslag til vedtak lagt fram i møtet.

Kontrollutvalet tilrår eit budsjett for kontrollarbeidet i 2025 med ei ramme på kr 1 556 000. Kontrollutvalets budsjettforslag skal fylgje budsjettsaka i kommunestyret (via formannskapet).

Kontrollutvalets tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalets forslag til budsjett for kontrollarbeidet for 2025 med ei ramme på kr 1 556 000. Kontrollutvalet får fullmakt til å omdisponere middel innanfor ramma.

Votering

Samrøystes for omforent endringsforslag til vedtak lagt fram i møtet.

Vedtak

Kontrollutvalet tilrår eit budsjett for kontrollarbeidet i 2025 med ei ramme på kr 1 556 000. Kontrollutvalets budsjettforslag skal fylgje budsjettsaka i kommunestyret (via formannskapet).

Kontrollutvalet stilråding til kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalets forslag til budsjett for kontrollarbeidet for 2025 med en ramme på kr 1 556 000. Kontrollutvalet får fullmakt til å omdisponere middel innanfor

ramma.

Budsjett for kontrollarbeidet 2025 - Midt-Telemark kommune

Innstilling fra sekretariatet

Kontrollutvalet sluttar seg til framlagte forslag til budsjett for 2025 med ei ramme på kr 1 546 000. Kontrollutvalets budsjettforslag skal fylgje budsjettsaka i kommunestyret (via formannskapet).

Kontrollutvalet tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalets forslag til budsjett for kontrollarbeidet for 2025 med en ramme på kr 1 546 000. Kontrollutvalet får fullmakt til å omdisponere middel innanfor ramma.

Bakgrunn

I denna saken handsamar kontrollutvalet forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen for 2025. Kontrollutvalets tilråding skal gå til kommunestyret (via formannskapet), og det må tydeleg gå fram for kommunestyret kva som er kontrollutvalets tilråding.

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjett etter kommuneloven §14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

Kontrollutvalets ansvar er regulert i kommunelovas kapittel 23, og i forskrift om kontrollutval og revisjon. Det visast også til kontrollutvalsboka som beskriv korleis departementet forstår lovverket som regulerar kontrollutvalets arbeid.

Kontrollutvalget skal sjå til (kommuneloven § 23-2, 1. ledd) at:

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Saksopplysninger

Sekretariatet har utarbeidd forslag til budsjett for kontrollarbeidet for Midt-Telemark kommune for 2025. Kontrollutvalets budsjett omfattar følgjende delar:

- Revisjonstjenester fra Vestfold & Telemark revisjon IKS (VTR)
- Sekretariatstjenester fra Vetaks IKS
- Drift av kontrollutvalet

	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Budsjettforslag 2025
Møtegodtgjørelse mv.	30 825,-	40 000,-	40 000,-
Opplæring, kurs og konferanser inkl. reise	31 623,-	50 000,-	60 000,-
Kontingent	9 700,-	9 700,-	10 700,-
Beverting	600,-	1 500,-	1 800,-
Andre tjenester	0,-	0,-	0,-
Sum kontrollutvalget	72 748,-	101 200,-	112 500,-
Revisjonstenester	1 118 655,-	1 195 900,-	1 245 000,-
Sekretariatstenester	305 000,-	193 419,-	198 500,-
Totalt	1 496 403,-	1 490 519,-	1 556 000,-

Revisjonstenester:

Midt-Telemark kommune har Vestfold & Telemark Revisjon IKS (VTR) som revisor. Representantskapet i VTR vil få budsjettet til handsaming i løpet av hausten. Budsjettforslaget her er basert på vedlagte budsjettbrev frå VTR. Det må takast høgde for at det kan bli endringar i samband med representantskapets handsaming.

Utgifter til VTR dekkjer lovpålagte revisjonstenester, herunder rekneskapsrevisjon, attestasjonsoppgåver, forenkla etterlevingskontroll og forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll mv. Det visast her til vedlagte budsjettbrev frå Vestfold & Telemark revisjon IKS.

Kommunelova med forskrifter gir inga lovbestemte minimumskrav til omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Spørsmålet er drøfta i lovforarbeider til kommunelova. Det er her kommentert at det forventast at det gjennomførast regelmessige forvaltningsrevisjonar i eit omfang som samsvarer med kommunens storleik, kompleksitet og risiko.

Når det gjeld kontrollutvalets ansvar for å sjå til økonomiforvaltninga, er det i forarbeidet til kommunelova sagt at revisors årlege kontroll med økonomiforvaltninga (etterlevingskontroll) ikkje nødvendigvis er tilstrekkeleg kontroll med økonomiforvaltninga. Kontrollutvalget må vurdere kontrollbehovet utover etterlevingskontrollen.

Budsjettet for revisjonstenester tek høgde for om lag 450 timar til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll pr år. Det ligg ikkje midlar i budsjettposten til å bestille undersøkingar/revisjonar av økonomiforvaltninga utover den lovpålagte kontrollen som revisor utfører (forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga). Slike undersøkingar må eventuelt finansierast over forvaltningsrevisjonsbudsjettet, eller så må kommunestyret løyve ekstra midlar til slike kontrollar.

Sekretariatstenester:

Midt-Telemark kommune er deltakar i Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS (Vetaks) som leverar sekretariatstenester til kontrollutvalet. Budsjettforslaget for 2025 tek hensyn til ein vidareføring av nivået på antall møte i kontrollutvalet med 5 møter pr år. Budsjettforslaget baserer seg på vedteke budsjett 2025 for Vetaks (godkjend av representantskapen i Vetaks IKS 28. mai 2024).

Utgiftene til sekretariatstenester fordelast mellom deltakarane basert på ein kombinasjon av innbyggjartal, eit mindre fast grunnbeløp og antall møter pr. år.

Drift av kontrollutvalet

Drift av kontrollutvalet består av godtgjersle for leiar og møtegodtgjersle for alle medlemmar, arbeidsgjevaravgift, diverse abonnement, og utgifter til kurs og opplæring. Budsjettposten for godtgjersle er basert på «Forskrift om godtgjersle til folkevalde, Midt-Telemark kommune, Telemark». Budsjettposten tek også høgde for eventuelle utgifter til tapt arbeidsforteneste. Budsjettforslaget forutsett ei vidareføring av aktiviteten/antall møter i utvalget. Etter vedteke godtgjerslereglement for perioden 2023-2027 skal leiar i kontrollutvalet ha ei årleg godtgjersle på 2% av ordførar si godtgjersle. Per no. Utgjer dette 18.205,- kroner

Møtegodtgjersle pr. møte er på 550 kr. Det er og tatt høgde for noko utbetaling av tapt arbeidsforteneste i budsjettet.

Kurs og opplæring:

Det er viktig med tilstrekkeleg ressursar til at medlemmane får delta på ulike kurs og seminar for å halde seg oppdatert og få påfyll fagleg sett. Det gjeld spesielt i starten av ein ny valperiode. Det er òg nyttig med god kontakt og erfaringsutveksling mellom kontrollutvalsmedlemmar. Deltaking på nasjonale og regionale samlingar er viktig i denne samanhengen. Sekretariatet rår til at ein legg til rette økonomisk slik at alle medlemmane i kontrollutvalet kan få moglegheit til å delta på dei viktigaste skolingstilboda i 2025. VETAKS arrangerer ein årleg haustkonferanse i eigenregi.

Sekretariatet anbefaler i tillegg NKRFs kontrollutvalgskonferanse og Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse som relevante nasjonale samlingar. Posten for opplæring tek anslagsvis høgde for at alle medlemmene kan delta på ein sentral konferanse eller tilsvarande opplæringstiltak, samt at alle kan delta på haustkonferansen til VETAKS. Likevel har prisveksten dei siste åra vore høg, noko som også slår ut på prisen for kurs og konferansar. Med tanke på kommunens økonomiske situasjon, tenkjer sekretariatet at ein difor ikkje bør auke budsjettet, og at utvalet bør tilpasse aktiviteten, sjølv om det kan medføre at ikkje alle kan delta på ulike opplæringstiltak. Det kan vere ein fordel for læringsutbyttet for utvalet at minst to personar deltek på same opplæringstiltak eller konferanse.

Sekretariatets vurdering

Sekretariatet foreslår ei budsjetttramme på kr 1 546 000 for kontrollarbeidet i 2025.

Budsjettforslaget er basert på ein vidareføring av nivået frå 2024, og er i all hovudsak kun justert for lønns- og prisvekst. Vi meiner budsjettforslaget gir eit realistisk bilete av forventa utgifter for kontrollutvalets verksemd for det kommande året. Dersom det skulle kome behov for ekstraordinære undersøkingar/rapportar, og behov for å hente inn ekstern kompetanse eller kjøpe ekstra tid frå VTR, kan behovet for tilleggsløyve til kontrollarbeidet oppstå.

Kontrollutvalget må då fremme ei sak for kommunestyret, dersom ikkje kommunestyret på eige initiativ gjer naudsame budsjettvedtak.

Vedlegg:

Budsjettbrev VTR 2025 – Midt-Telemark kommune